

## MELAND SOGELAG

### ALLMENN BYGDEBOK FOR MELAND KOMMUNE.

I 2004 kom det ut tre band av gards- og ættesoge for Meland kommune. Mange medlemmar i Meland sogelag gjorde ein god del dugnad i samband med utgjevinga av desse bøkene og styret i laget er framleis innstilt på ein ny dugnad for ei eventuell allmenn bygdebok.

I desse tre banda er det dei «små» einingane som står sentralt. Det som er «disposisjonen», er omtalen av gardsbruket eller ein bustaden og dei menneska som har budd eller bur der. I tillegg har ein tatt med ein del lokal historie om matrikkelgarden som til dømes gard nr 22 Mjåtveit.

Men det er mykje lokal historie som ikkje fekk plass i desse tre banda.

Dei siste 50 – 60 åra har det vorte skriva og utgjeve ein god del lokalhistorisk litteratur på regionalt nivå og fylkesnivå der noko er henta frå Meland kommune. Med ei allmenn bygdebok, vil ein få samla noko av den lokale historia og få eit betre oversyn over det som har gått føre seg i det som no er Meland kommune.

Ei tidlegare bygdeboknemnd laga ei liste over moglege emne som **kan** vera med i ei allmenn bygdebok. Frå denne lista kan ein ta ut følgjande tema:

- Topografi og geologi.
- Dyre- og planteliv.
- Fornminne.
- Jord- og skogbruk.
- Jakt og fiske.
- Handverk, husflid og industri.
- Samferdsel både på land, sjø og vatn.
- Post, telefon og elektrisitet.
- Forretningsdrift og bankvesen.
- Helsestell og sosialvesen.
- Krigstider med mest vekt på periodane 1914 – 1918 og 1940 – 1945.
- Kyrkjene på Meland.
- Skular og opplæring (skulesoge).
- Lag og organisasjonsverksemd.
- Kommuneinndelingar og politisk styring.
- Dialekten.
- Arbeidsdeling barn, kvinner og menn.
- Bergensaren på strilelandet (feriar/hyttebygging).
- Folkekunst og ulike tradisjonar.

#### Kjelder.

- ☐ Dei gamle kommunale arkiva både frå Meland, Alversund og Hamre som er plasserte i Interkommunalt Arkiv Hordaland (IKAH).
- ☐ Det gamle kommunale arkivet frå Herdla kommune som er plassert i Kystmuséet i Øygarden.
- ☐ Diverse dokument som er plasserte i Statsarkivet i Bergen og i Riksarkivet i Oslo.
- ☐ Meland sogelag sitt privatarkiv som er i Meland rådhus.

Salesid: 18/1361  
ULK - mdte 22/5-18

**Redaktør/forfatter(ar).**

Det kan vera minst to måtar å organisera skrivearbeidet på:

- Ein kan ha ein redaktør som får ulike forfattarar til å skriva om «sine» fagtema.
- Det kan tilsetjast ein forfatter som skriv alt sjølv og i tillegg organiserer til dømes innsamling av foto.

**Tidsbruk og kostnad.**

For å skriva ei slik allmenn bygdebok på ca 600 sider, må ein rekna med inntil tre heile årsverk.

Lønskostnader per år for lektor i heil stilling med 16 år i arbeid etter avslutta utdanning:

Årsløn	:	Kr 631.000,-.
Sosiale utgifter (arb.gj.avg., pensjon, forsikringar)	:	<u>Kr 284.000,-.</u>
Sum	:	<u>Kr 915.000,-.</u>

Dei som gjer løna arbeid i samband med bygdeboka, bør ha kommunen som arbeidsgjevar.

Lønsutgifter for 3 år	:	Ca kr 2.835.000,-.
Trykkeutgifter for ei bok på ca 600 sider i 2000 eksemplar	:	Ca kr 350.000,-.
Diverse utgifter	:	<u>kr 100.000,-.</u>
Samla sum	:	<u>Ca kr 3.285.000,-.</u>

**Bygdeboknemnd.**

Forfattere/forfatarane må ha ei nemnd som kan støtta arbeidet og koma med idéar og innspel ut frå kjennskap til lokalmiljøet. Ei slik nemnd bør òg ha nokre retningslinjer å arbeida etter når ein skal gjera ulike prioriteringar og val av innhald og omfang innanfor dei ulike tema i boka.

Frekhaug 22.05.18.



Arnt Brakstad  
leiar i Meland sogelag